

AVTALE OM GRAVELØYVE

MELLOM

.... KOMMUNE

OG

Eigar av gnr. Bnr.

.... kommune planlegg å legge vatn- og avløpsleidning som vist på vedlagt kart.

Før arbeidet vert sett i gong ønskjer kommunen å sikre seg løyve frå grunneigarane til å legge vatn- og avløpsleidninga.

Underteikna, eigar av gnr. bnr., gjev med dette kommune løyve til å legge vatn- og avløpsanlegg på min eigedom på følgjande vilkår:

1. kommune får rett til å legge og ha liggande vatn- og avløpsleidning med kummar av type og storleik kommunen finn tenleg etter den trasè som vist på kart datert, og til framtidig gravearbeid i samband med reparasjon/vedlikehald/utskifting. Justering av leidningstrasè kan verte aktuelt. Det skal skje i samråd med grunneigar.
2. Arbeidet med graving og legging av leidninga skal skje på ein skånsom måte. Kommunen skal passe på at byggverk eller fundament for bygg ikkje vert skada, at drengrofter fungerer som før, bygg, vegar, murar, terrengoverflate og gjerde m.v. vert sett i same stand som før, der det er mogeleg.
3. Evt. avlingsskade eller annan skade i anleggstida eller seinare ved reparasjon/vedlikehald, skal erstattast etter nærare avtale med kvar enkelt grunneigar.
4. Denne avtalen skal underskrivast i to eksemplar, eitt til kvar av partane. Avtalen kan tinglysast på gnr. bnr., men skal vike prioritet for dei pengehefte grunneigar finn å hefte på eigedomen.

Dato

.....
Grunneigar

.....
..... kommune